



KI-notat nr.: 83/2009 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Marine Harvest AS - Avd Rovde /løyve til uttak av vatn til produksjon av settefisk		
Fylke/kommune:	Møre og Romsdal/Vanylven		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	^{F02} Ivar Sægrov	Sign.:	
Dato:	30 NOV 2009		
Vår ref.:	NVE 200805094-9 rv/ias		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om løyve til vassuttak frå Videildvassdraget i Vanylven kommune, Møre og Romsdal fylke

Innhald

Samandrag	1
Søknaden	2
Samandrag frå søknaden	2
Handsaming av søknaden	3
Vanylven kommune	3
Møre og Romsdal fylke	4
Søklar sine kommentarar til innkomne fråsegner	5
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVE) sine merknader	7
NVE si vurdering	9
NVEs konklusjon	10
Kommentarar til konsesjonsvilkåra	11

Samandrag

Marin Harvest AS har i brev datert 15.09.2008, søkt til Fiskeridirektoratet, om løyve til å utvide produksjonen i settefiskanlegget på Rovde frå 1 mill til 2 mill stk. sjødyktig settefisk i året. Produksjonen er basert på vassuttak frå Videildvassdraget.

Vanylven kommune tilrår at det blir gjeve løyve til utviding og har ikkje merknader til søknaden om utviding av settefiskanlegget. Planutvalet har heller ikkje merknader til søknad om konsesjon for vassuttak i Videildelva.

Møre og Romsdal fylke peikar i si fråsegn på at det er naudsynt med ei viss minstevassføring i Videildelva nedafor vassinntaket til settefiskanlegget.

NVE legg til grunn at utviding av anlegget vil bli basert på utbygging med eit resirkuleringsanlegg. Planlagt maksimalt vassuttak frå vassdraget blir auka vesentleg. Ved lågvassføring vil det for eit reint gjennomstrøymingsanlegg i periodar bli kritisk lite vatn i elva og planlagte tiltak for å spare vatn vil vere avgjerande for å kunne drifte anlegget. NVE meiner at med vilkår om minstevassføring gjennom

heile året og at anlegget nyttar vassparande tiltak vil verknaden for ålmenta ikkje vere til nemnande ulempe. Samstundes vil eit løyve gje høve for settefiskanlegget til utviding av produksjonen.

NVE gjev Marine Harvest AS, avdeling Rovde løyve etter vassressurslova § 8 til å ta ut vatn frå Videildvassdraget til drift av det etablerte settefiskanlegget med planlagt utviding. Det skal gjennom heile året sleppast ei nærare fastsett minstevassføring frå inntaket.

Løyvet blir gjeve på fastsette vilkår.

Søknaden

NVE har med brev datert 15.09.2008 frå Fiskeridirektoratet, Region Møre og Romsdal, mottatt Marine Harvest Norway AS sin søknad datert 25.06.2008 om utviding av klekkeri og settefiskanlegg på lokalitet 12223 Videild i Vannylven kommune. Det vart i same søknad søkt om løyve etter vassressurslova for vassuttak frå Videildvassdraget. I søknadsskjema for akvakultur i landbaserte anlegg er maksimum vannuttak oppgitt til 29,4 m³/min.

Samandrag frå søknaden

"Søknad om utvidelse fra 1 til 2 millioner smolt ved Marine Harvest Norway AS, avd. Rovde, Vannylven kommune.

Marine Harvest Norway AS, avd. Rovde (registreringsnummer M/ Vn 0005 lokalitetsnummer 122223) søker herved om utvidelse av gjeldende konsesjon fra 1 til 2 millioner sjøklær smolt. Det søkes samtidig NVE om konsesjon etter Vannressursloven for uttak av vann fra Videildselven.

Anlegget har hatt konsesjon siden 20.oktober 1996. Utvidelsen er planlagt i tilknytning til eksisterende anlegg, og området er disponert til "næring" i kommuneplanen.

Samlet levert mengde fisk fra anlegget blir 206 tonn, mens samlet årlig produksjon i anlegget vil være på omtrent 230 tonn. Det er i disse produksjonsanslagene regnet omtrent 20 % svinn/utsortering i antall fra startföring og gjennom produksjonssyklusen fram til fisken er levert fra anlegget. Dette tapet utgjör en samlet fiskemengde på oppunder 24 tonn for hele anlegget. Med en samlet forfaktor på 1.2, utgjör dette et samlet forbruk på 276 tonn årlig.

Anlegget henter sitt vann fra det 13.1 km² store nedbörfelt til Videildsvassdraget, der en har inntak i avløpet fra Tussa kraft sitt lokale Vedeld kraftverk. Vannet pH-justeres ved inntaket. Anlegget planlegger i tillegg et opplegg for inntak av 6 m³/min UV-behandlet sjövann. Avløpet slippes urenset ut i sjö i fjorden på 25 meters dyp omtrent 50 meter utenfor anlegget.

Den gjennomsnittlige årlige tilrenningen i Videildselven er på nesten 65 m³/min. Det teoretisk maksimale vannbehovet vil være mindre enn gjennomsnittlig tilrenning, men vannbehovet utgjör litt over 60 % av tilrenningen i juli, og i 5 av ti år vil det kunne være mindre vann enn nödvendig. Ved å benytte sjövannskapasiteten, samt etablere karluftere og karoksygenering på de store og nye produksjonskarene, vil en oppnä nödvendig vannsparingskapasitet tilsvarende minst 10 m³/min. Det vil derfor bli etablert opplegg for karoksygenering og CO₂ lufting i de planlagte påvekstkarene. I tillegg vil anlegget bygges slik at vannet delvis eller helt kan resirkuleres i perioder med svært lav tilrenning i Videildsvassdraget. Dette vil fungere slik at ved tilstrekkelig vannföring drives anlegget som et gjennomströmmingsanlegg, mens det i ekstraordinäre tørre perioder drives anlegget fra delvis til helt med resirkulering. Disse tiltakene vil sikre at det alltid er nok vann til fisken i anlegget

Tiltaksområdet er svært avgrenset og uten nevneverdige verdier. Det er bare den lille sjøaurebestanden i Videildsvassdraget som er det eneste elementet som har "middels" verdi mens øvrige brukerinteresser og biologisk mangfold er vurdert og omtalt med liten verdi.

Den samlede virkningen av tiltaket på biologisk mangfold, verneverdier, inngrepsfrie områder og øvrige vurderte interesser er vurdert til "liten/ingen virkning". Utenom dette vil tiltaket få kun ubetydelige konsekvenser, siden det ikke har noen virkning av betydning på de omtalte forholdene. Det er i all hovedsak kun den lille bestanden av sjøaure i Videildselven som kan oppleve negative konsekvenser ved det planlagt økte vannuttaket. De samfunnsmessige konsekvensene er på den andre side positive både for kommune og lokalmiljøet.

Vassdraget

"Videildsvassdraget (NVE vassdragsnummer 093.4Z) renner nordover i Sundnesdalen mot utløp i Rovdeforden ved Sundnes. Vassdraget har et nedbørfelt 13,1 km² og har sitt utspring med de høyeste toppene Skåla (1008 moh) og Skåratinden (999 moh). Innerst i vassdraget ligger det 1,07 km² store Myrkevatnet (665 moh).

Nedbørfeltet til Videildsvassdraget har en gjennomsnittlig spesifikk avrenning på 82 l/km²/s, som varierer mellom over 110 l/km²/s i sør og under 40 l/km²/s helt nord mot utløpet noe som gir en gjennomsnittlig vannføring ved utløp sjø på 1,08 m³/s eller 65 m³/minutt. Årlig avrenning ved utløp sjø er 34,15 mill m³/år.

Avrenningen er ikke jevnt fordelt over året, og høyest vannføring er det vanligvis i forbindelse med snøsmelting i mai, med i gjennomsnitt over 120 m³/min, mens store nedbørsmengder på høsten i gjennomsnitt gir over 100 m³/min i september og avtagende til omtrent 70 m³/min i desember. Minst tilrenning er det vanligvis vinterstid når nedbøren i kalde perioder kommer som snø i de høytliggende delene av nedbørfeltet. I februar og mars er gjennomsnittlig vannføring på under 30 m³/min, mens det i tørre perioder på sommeren i juli og august er omtrent 40 m³/min. Beregningene er gjort ved å justere avrenningstall fra NVEs tidligere målestasjon ved Brudevoll (nr 93.2) for perioden 28.oktober 1974 til 31.desember 1984 til dette nabofeltet i nord".

Handsaming av søknaden

Etter retningslinjer for kunngjering og høyring, (utarbeidd av Fiskeridirektoratet og NVE), har søknaden vore offentleg utlyst i samsvar med krava i akvakultur- og vassressurslova.

NVE var på synfaring i området den 02.04.2009.

Etter høyringa ligg det føre fråsegn frå Møre og Romsdal fylke og Vanylven kommune.

Vanylven kommune handsama søknaden i planutvalet den 08.12.2008 og gjorde då slikt vedtak:

"Planutvalet viser til gjeldande planar for området etter plan- og bygningsloven og har ikkje merknader til søknaden om utviding av settefiskanlegg M/Vn 005 tilhøyrande Marine Harvest Norway AS. Planutvalet har heller ikkje merknader til søknad om konsesjon for vassuttak i Vedeildelva."

Møre og Romsdal fylke i brev av 05.03.2009:

"Søknaden

Vassforsyning skal skje frå eksisterande inntak og det er vurdert tre alternativ for å sikre tilstrekkeleg med vatn:

1. Ein ny 315 mm vassleidning i tillegg til dei tre eksisterande.
2. Gjenbruksanlegg for vatn frå den nedste hallen.
3. Eventuelt etablering av resirkuleringsanlegg med kapasitet på 15 m³/min. Anlegget har ikkje opplegg for CO₂-lufting på nokon av produksjonskara. Dette vil bli etablert på alle dei store produksjonskara i samband med oppjustering av heile anlegget.

UV-anlegget er planlagt utvida frå 4,5 m³/min til 6 m³/min og det er planlagt nye sjøinntak eit stykke utanfor og djupare enn dagens avlaup.

Det blir søkt om fortsett ureina utslepp av avlaupsvatn frå anlegget.

I følgje Vanylven kommune har saka vore på offentleg høyring i fire veker frå 18.9 til 17.10.08, og kommunen har ikkje motteke merknader.

Friluftsliv og fiske

Møre og Romsdal fylke kjenner ikkje til konkrete konflikhtar mellom friluftsliv/fritidsfiske for den omsøkte lokaliteten.

Naturvern

Anlegget har ikkje tidlegare vore til behandling hos NVE, og det er derfor ikkje sett krav til minstevassføring i dag. Rådgivende Biologer meiner 1 m³/min er tilstrekkeleg og at det er vanskeleg å bygge tersklar for å lage magasin i ei så flomtrua elv. Den årlege tilrenning til vassdraget er 65 m³/min, i periodar med lite vassføring er det under 30 m³/min i februar/mars og i juli/august er det i gjennomsnitt ei tilrenning på 40 m³/min.

Det er ikkje spesielle i naturverninteresser området.

Vilt

Eit settefiskanlegg på land vil ha liten påverknad og konflikt med viltinteresser. Det bør vere nett over utvendige kar for å hindre konflikt med m.a. fugl. Vi gjer merksam på at ein ikkje utan vidare kan rekne med å få fellingsløyve for dyr som gjer skade. Eventuelle skadar må generelt bli søkt redusert ved førebyggjande tiltak.

Konklusjon

Møre og Romsdal fylke ynskjer at NVE sett eit krav om minstevassføring i elva ut i frå dei berekningar dei har på vassføring. For oss verkar det føreslege talet på 1 m³/min som minstevassføring lågt. Det går ikkje fram av søknaden korleis minstevassføring skal sikrast og dokumenterast.

Avlaup frå settefiskproduksjonen skal reinsast før det blir slept ut. Vilråa for reinsing av avlaupsvatten og utslepp av prosessvatten er gitt i vilråa til løyvet.

Vedeildselva inngår i Søre Sunnmøre Vassområde. Vurderingar og vedtak hos Fiskeridirektoratet, NVE, Mattilsynet Møre og Romsdal fylke må derfor vere samordna innafør dei rammer som forvaltningsplanen for vassregionen inneheld.

Møre og Romsdal fylke vil rå til at Marine Harvest Norway AS får løyve til utslipp med føresetnad om reinsing."

Søkjar sine kommentarar til innkomne fråsegner

Søkjar har i brev/e-post av 23.09.2009 kommentert fråsegnene slik:

"NVE har bedt om kommentarar på dei innkomne fråsegnene frå fylket med omsyn på vassuttak og minstevassføring i elva .

Fylket har konkludert

- 1. Framlegg om 1 m³/min som minstevassføring verkar lågt
Framgår heller ikkje korleis dette skal sikrast og dokumenterast*
- 2. Vedeildselva inngår i Søre Sunnmøre Vassområde og vedtak må samordnast innanfor rammer som forvaltningsplan inneheld*
- 3. Utsleppsløyve inneheld føresetnad om reinsing av utslepp til fjorden*

1) Minstevassføring

Minstevassføring er meint å skulle avbøte moglege skadar for opplevinga av elva, utnyttinga av den eller også for det biologiske mangfaldet i elva. Elva er allereie regulert av Tussa kraft, utan krav om minstevassføring i dag. Sannsynlegvis avdi restfeltet nedstraums inntaket til kraftverket vil syte for tilstrekkeleg vassføring i elva ved mogleg utfall i kraftverket. Fiskeanlegget har i dag avtale om vatn fra avlaupet frå Tussakraft, og vert sikra vatn sjølv ved stans i kraftverket. Restfeltet vil framleis vere urørt og utan vassuttak

Alminneleg lågvassføring, som ofte ligg rundt 5 % av middelvassføringa, avheng av om det er innsjøar i nedbørfeltet og om feltet ligg høgt til fjells. Den utgjer her omlag 50 l/s (ikke særskilt berekna). I søknaden er det forslått at ein skal sleppe ein tredel av dette som garantert minstevassføring (16 l/s), dersom det renn so mykje naturleg. Vanlegvis vil restfeltet bidra med mykje meir vatn enn dette.

Siden det ikke er knytta store interesser til elva, og det er registrert ein noverande og tidlegare "liten bestand" av sjøaure, har ein valt å foreslå en tredel av alminneleg lågvassføring som tilstrekkeleg. Øvst oppe er elva bratt og grov og har ingen naturlege kulpar som sjøauren kan opphalde seg i. Ned mot settefiskanlegget og utlaupet til fjorden er den slakare, men likevel utan store kulpar. Ein antek at gytinga da vil skje i samband med mykje nedbør på hausten, og at fiskane må sleppe seg ned att til fjorden for vidare opphald der etter gytinga (sjå bilder på dei neste sidane). Utover dette vil ein slik minstevassføring gje rom for overleving for småfisk i dei begrensa periodane der dette vil vere aktuelt.





Videildelva mellom utløpet frå Vedeld kraftverk og Rovde settefiskanlegg

2) Forvaltingsplan

Vassdraget er allereie regulert, og vil soleis vere ein mogleg sterkt modifisert vassførekomst (SMVF). Her vil då gjelde andre forvaltingsmål enn at vassdraget skal ha "minst god økologisk status", - det skal ha "godt økologisk potensiale". I denne samanheng vil det vere slepp av minstevassføring som er aktuelt tiltak for å oppnå ein slik status/potensiale."

Norges vassdrags- og energidirektorats (NVE) sine merknader

Om søkjar

Søkjar er Marine Harvest AS som er eit av dei største oppdrettsselskapa i Norge. Selskapet har fleire settefiskanlegg i Møre og Romsdal.

Om søknaden

Produksjonen av settefisk med vassuttak frå Videildelva starta opp i 1996 med konsesjon for ei produksjonsramme på 1 mill sjødyktig settefisk. Søknaden gjeld ei utviding til 2 mill.

Anlegget har eit etablert vassuttak i Videildvassdraget med eit nedbørfelt på 13,1 km². Vassinntaket er etablert nedanfor utløpet frå Vedeld kraftverk som har Tussa kraft AS som eigar.

I søknaden er gjort greie for, og lagt fram, aktuell dokumentasjon på vassressursen i høve til vassforbruket som vil vere nødvendig for den planlagte produksjonsauken i anlegget. Det er skissert at utvidinga av settefiskanlegget kan etablerast alternativt med eit heilt nytt resirkulasjonsanlegg eller eit

utvida gjennomstrøymingsanlegg, eventuelt med kombinert løysing. NVE legg såleis til grunn at anlegget blir bygd ut etter det siste alternativet.

Eksisterande forhold i vassdraget

Vassuttak og hydrologiske verknader

Anlegget tek ut vatn frå Videildsvassdraget som har eit nedbørfelt på 13,1 km². Inntaket er i dag plassert i utløpet frå Vedeld kraftverk som er eigd av Tussa kraft AS:

Gjennomsnittleg årleg tilsig ved inntaket i Videildselva er på ca 65 m³/min. Det utrekna teoretiske maksimale vassbehovet vil være mindre enn gjennomsnittlig tilrenning og det blir søkt om eit uttak på 30 m³/min. I juli månad vil anlegget sitt vassbehovet utgjere litt over 60 % av midlare tilrenning, og i fem av ti år vil tilsiget være mindre enn det anlegget vil ha behov for når det blir drifta som eit reint gjennomstrøymingsanlegg. Ved å nytte innblanding av sjøvatn, samt etablere karluftarar og oksygenering på dei store og nye produksjonskara, er det rekna med å oppnå nødvendig kapasitet for sparing av vatn tilsvarande minst 10 m³/min. I tillegg vil anlegget bli bygt ut slik at vatnet delvis eller heilt kan resirkulerast i periodar med svært lite vassføring i Videildsvassdraget. I praksis blir det lagt opp til at anlegget ved tilstrekkeleg vassføring bli drive som eit gjennomstrøymingsanlegg, medan det i ekstraordinært tørre periodar blir drifta etter eit opplegg basert på delvis til full resirkulering. Det er rekna med at desse tiltaka vil sikre at det alltid er nok vatn til fisken som er i anlegget etter planlagt utviding.

Ved kgl. res. av 1. mars 1999 vart det gjeve løyve til å bygge Vedeld kraftverk som nyttar ei fallstrekke i vassdraget ovafor der settefiskanlegget har sitt vassuttak. Vedeld kraftverk er utbygt og drifta av Tussa kraft AS. Kraftverket er eit reint elvekraftverk utan reguleringar. På elvestrekke mellom inntaket og utløpet frå kraftstasjonen er konsesjonæren pålagt å sleppe ei minstevassføring på 50 l/s i perioden 15. mai til 15. september. Vilåret om minstevassføring på 50 l/s tilsvarar om lag utrekna alminneleg lågvassføring. Det er ikkje krav om forbisleppingsventil.

Vassinntaket for settefiskanlegget er i dag kopla saman med avløpet frå kraftverket. I kor stor grad restfeltet nedafor inntaket til kraftverket sikrar ei årssikker vassføring på anadrom strekning, kan synast noko uklart. Det samla vassuttaket til settefiskanlegget vil vere vesentleg mindre enn det som blir nytta av kraftverket. Det vil også vere slik at kraftverket sin slukeevne enkelt kan regulerast opp og ned i takt med eit varierende tilsig frå nedbørfeltet. For settefiskanlegget vil dei planlagte tiltaka for å redusere behovet for nytt vatn inn i anlegget vere avgjerande for å sikre drifta i periodar med kritisk lita vassføring i vassdraget.

Sjøaure

Sjøaurebestanden i Videildsvassdraget er vurdert til å ha "middels" verdi. Sjøauren blir stoppa for oppvandring om lag ved utløpet frå kraftstasjonen. I søknaden er det gjort ei vurdering av om vassdraget kan ha grunnlag for produksjon av så mykje aure at vassdraget kan ha ein livskraftig bestand av anadrom fisk. Det er i søknaden konkludert med ein produksjon som ligg under det som blir rekna som nedre grense for ein slik bestand.

Andre forhold

For andre brukarinteresser og biologisk mangfold er det konkludert med liten verdi. Tiltaksområdet er svært avgrensa. Det er ikkje kome fram informasjon om at anlegget er eller vil bli i konflikt med spesielle interesser som er viktige for området.

Høyring og handsaming i distriktet

Nedafør fylgjer i kort oppsummering av hovdepunkta i innkomne fråsegner.

Vanylven kommune viser til gjeldande planar for området etter plan- og bygningsloven og har ikkje merknader til søknaden om utviding av settefiskanlegget. Planutvalet har heller ikkje merknader til søknad om konsesjon for vassuttak i Videildelva.”

Møre og Romsdal fylke ynskjer at det vert sett vilkår med krav om minstevassføring i elva ut i frå tilgjengelege hydrologiske berekningar. Føreslege minstevassføring på 1 m³/min blir vurdert som lågt. Det blir peika på at det ikkje går fram av søknaden korleis minstevassføring skal sikrast og dokumenterast.

Verknader som tiltaket vil medføre

Fordelar

- Prosjektet vil i følge søknaden gi grunnlag for auka produksjon av settefisk og sikre lokal aktivitet og verdiskapning.

Ulemper

- Ei utviding av produksjonen vil medføre redusert vassføring i Videildelva på strekninga nedanfor inntaket til settefiskanlegget. Utan vilkår som avgrensar vassuttaket kan det oppstå periodar med kritisk låg vassføring og fare for tørrlegging av elvstrekkinga.

NVE si vurdering

Ingen av høyringspartane går i mot at det blir gjeve løyve til utviding av settefiskanlegget. Det er frå Vanylven kommune tilrådd løyve i samsvar med søknaden og det blir spesielt vist til at tilrådinga også gjeld vassuttak frå Videildvassdraget. Møre og Romsdal fylke har ikkje spesielle innvendigar mot at det blir gjeve løyve til utviding, men peikar på at det må settast vilkår om minstevassføring i elva. Fylket meiner at ei minstevassføring på 1 m³/min (ca 17 l/s) er for lågt.

I søknaden er det lagt opp til eit maksimalt vassuttak på 30 m³/min (500 l/s). Til det etablerte anlegget kan det med eksisterande vassleidningar takast inn ca 16 m³/min (270 l/s). Midlare vassføring i Videildvassdraget er ca. 65 m³/min (1080 l/s). Det vil såleis vere lange periodar med god restvassføring på elvestrekninga nedanfor inntaket til settefiskanlegget.

Å drifte eit settefiskanlegg med inntak i elv utan vassmagasin kan by på fleire utfordringar, særleg med tanke på usikkerheita rundt vasstilgang og andre tekniske problem som ising, lauvfall og anna som kan redusere vassmengda inn til anlegget. For settefiskanlegget på Rovde vil det tid om anna bli kritisk med tanke på vasstilgang. Med eit godt resirkuleringsanlegg meiner NVE at det likevel er mogleg å drifte anlegget sjølv med låg vassføring i elva etter ei utviding frå 1 til 2 million smolt, men NVE vil likevel peike på at det er selskapet sitt ansvar å drifte anlegget etter dei vilkåra som gjeld.

Slik NVE er kjent med drift av settefiskanlegg er det vanleg å produsere 0 – åring med eit utsett på seinsommar/haust og 1-åring med utsett på vårparten, og det er av den grunn oftast mykje fisk i anlegga fram til utsett av 0-åring. Den mest kritiske perioden oppstår som regel i juli, august og av og til september månad då det er mykje fisk i anlegga og stor auke i biomassen. I tillegg aukar temperaturen i elva og fisken får då auka behov for tilgang på vatn. I kommersielle settefiskanlegg er

det vanleg med vassparande tiltak som inntak av sjøvatn, oksygenering og CO₂ luftere. Det er spesielt sjøvatn som kan avlaste anlegget noko i den mest kritiske fasen av sensommeren.

NVE vurderar det slik at maksimalt vassuttak er relativt moderat i høve til vassressursen sjølv med det planlagte auka vassuttaket som utgjer ca 50 % av middelvassføringa i vassdraget. Driftsopplegget i anlegget vil imidlertid bli slik at det i deler av eit år med midlare tilsig, og då i periodar med stor biomasse i anlegget, vil bli knapt med vatn i eit reint gjennomstrøymingsanlegg. I tørre år kan det bli periodar med kritisk lite vatn til anlegget. Dei planlagte tiltaka for å spare vatn vil, slik det er framstilt i søknaden, likevel kunne sikre drifta i anlegget utan større vassuttak frå elva enn med det eksisterande anlegget. NVE meiner av den grunn at installering av eit resirkuleringsanlegg vil være avgjerande for om settefiskanlegget skal kunne auke biomassen av fisk i anlegget.

Det etablerte settefiskanlegget har ikkje hatt noko særskilt løyve for uttak av vatn og såleis heller ikkje vilkår om slepping av minstevassføring. Slik NVE vurderer informasjonen som ligg føre kan det vere noko uklårt om uttaket av vatn i periodar har vore slik at heile tilsiget ved punktet der inntaksarrangementet er plassert har blitt nytta. Tørrelgging av elva på strekninga frå inntak/vasshandsamingsanlegget og ned til sjøen (anadrom strekning) er etter NVE si vurdering ikkje akseptabelt. NVE er samd med fylket som meiner at det bør fastsettast minstevassføring slik at elva på den aktuelle strekninga blir sikra ei viss vassføring gjennom heile året. Det er ikkje dokumentert at elva har nokon "livskraftig bestand" av anadrom fisk og det er heller ikkje fokusert på at den aktuelle elvstrekkinga har gunstige naturlege vilkår for at ein slik bestand kan bli etablert.

NVE ser det slik at sjølv om elvesubstrat og falltilhøve på strekninga set klare avgrensingar for fiskeproduksjon og ev. utøving av fiske, er det eit viktig mål å sikre at levetilhøva for fisk blir vektlagt gjennom eit vassføringsregime som hindrar tørrelgging.

Oppsummering

NVE legg i vurderinga vekt på at tiltaket vil betre grunnlaget for auka produksjon i settefiskanlegget og dermed sikre vidare drift og arbeidsplassar knytt til anlegget. Planlagt auke i vassuttaket er betydeleg og i periodar av eit produksjonsår vil vassressursen bli for knapp for å sikre drifta. Utviding og sikring av drifta må baserast på eit opplegg med fleire former vassparingstiltak. Det er i søknaden dokumentert at dei planlagte tiltaka vil sikre drift av anlegget også i periodar med kritisk lite tilsig til vassdraget.

NVE meiner at det må settast vilkår om minstevassføring til Videilelva ved ein ev. konsesjon. Ei moderat minstevassføring vil kunne hindre tørrelgging som vil vere uheldig for anadrom fisk og anna vasstilknytta liv og for elva som landskapselement. Med ei vilkårsfesta minstevassføring gjennom heile året og etablering av planlagte tiltak for vassparing, er det NVE si vurdering at utvida konsesjon slik som omsøkt ikkje i nemnande grad vil gje verknader for vassdraget som er annleis enn det som har vore situasjonen med drifta av det eksisterande anlegget.

NVEs konklusjon

Etter ei samla vurdering av planane og dei fråsegner som ligg føre, meiner NVE at fordelane ved utviding og vidare drift av settefiskanlegget er større enn skader eller ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Marine Harvest Norway AS, Avd. Rovde får på dette grunnlag løyve etter vassressurslova § 8 til å utvide vassuttaket frå Videildvassdraget. Uttaket skal, i samsvar med søknad, vere avgrensa til maksimalt 30 m³/min (500 l/s). Anlegget skal etablerast med tiltak for vassparing slik det går fram av søknaden.

Kommentarer til konsesjonsvilkåra

Post 1. Minstevassføring og vassuttak

Følgjande data for vassføring er henta fra konsesjonssøknaden og lagt til grunn for NVE si vurdering av vassuttak og minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	1080
Maksimalt vassuttak	l/s	500
Alminneleg lågvassføring	l/s	50

Minstevassføring:

I store delar av året vil det være god restvassføring i Videildelva nedafor uttaksstaden for vatn til settefiskanlegget. Ved vassføring tilsvarende middelvassføring på ca 1080 l/s og større vil restvassføringa vere 580 l/s eller meir sjølv med maksimalt uttak til settefiskanlegget.

For å sikre at elvestrekninga ikkje bli tørrlagt slik at aureungar og andre vasslevande organismer blir ivareteke skal det sleppast ei minstevassføring til Videildelva forbi inntaket på minst 50 l/s i perioden 15. mai til 15. september. Kravet lyt forstås slik at dette minstevassføringskravet ikkje kjem i tillegg til kravet til Tussa Energi AS sitt Vedeld kraftverk om slepp av minstevassføring på 50 l/s i tida frå 15. mai til 15. sept slik at samla minstevassføring er på minst 50 l/s i denne tida. Resten av året skal vassføringa i Videildelva rett nedanfor uttaksstedet for vann til settefiskanlegget vere på minst 25 l/s. Settefiskanlegget skal ikkje ha vassuttak dersom tilsiget ved målepunktet er lågare enn dette.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring i elva. Aktuelle data skal leggjast fram for NVE ved førespurnad. Den tekniske løysinga for å dokumentere slepping av minstevassføringa skal vere ein del av godkjenning av detaljplanen for anlegget.

Blir tilsiget i periodar mindre enn minstevassføringskravet, skal heile tilsiget sleppast forbi.

Vassuttak:

Vassuttaket skal avgrensast til maksimalt 30 m³/min (500 l/s). Vassmålar skal installerast og vassuttaket loggførast kontinuerleg.

Post 2. Byggjefristar m.v.

Fristen gjeld også for etablering/ombygging av anlegget for vassuttak frå Videildelva. Plan for tiltaket må være godkjent av NVE etter vilkåra i post 4, og arbeidet være sett i gang innan tre år etter at dette løyvet er gjeve. Vidare må arbeidet fullførast i normalt tempo.

Post 3. Konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift m.v.

Konsesjonæren pliktar å sjå til at han sjølv, hans kontraktørar og andre som har med anleggsarbeidet og drifta å gjere, unngår øydelegging av naturførekomstar, landskapsområde, fornminne osv. Om slike øydeleggingar ikkje er til å unngå, skal rette fagmynde underrettast i god tid.

Post 4. Godkjenning av detaljplanar, landskapsmessige tilhøve m.v.

Detaljerte planar skal godkjennast av NVE og sendast til NVE sitt regionkontor i Førde i god tid før arbeidet vert sett i gong. Detaljar med prosjektet som ev vegar, landskapsmessige tilhøve, anordning for nedtapping, inntak, vassleidningar m.v vil ligge under denne post.

Eventuell nedlegging av anlegget eller delar av anlegget skal gjennomførast i samsvar med prosedyrar etter denne posten.

Post 5. Naturforvaltning

Eventuelle pålegg i medhald av vilkåret må være relatert til skader forårsaka av tiltaket og stå i forhold til tiltaket sin storleik og verknadar. Konsesjonæren pliktar etter nærare pålegg av fylkesmannen å sørge for at tilhøve i vassdraget er slik at dei stadeigne fiskestammane i størst mogleg grad opprettheld naturleg reproduksjon. Fylkesmannen kan gje pålegg om å kompensere for skadar på den naturlege rekruttering av fiskestammane ved tiltak.

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å påleggje konsesjonær å etablere tersklar, eller gjere andre biotopjusterande tiltak som bygging av tersklar, utdjupeing av kulpar i elvelaupet mv. dersom dette seinare skulle vise seg naudsynt.

Dersom inngrepa fører til erosjonsskadar, fare for ras eller overfløyming, eller aukar faren for at slike skadar vil inntreffe, kan NVE påleggje konsesjonæren å koste sikringsarbeid eller delta med ein del av utgiftene med dette.

Forholdet til plan- og bygningslova

”Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” gir saker som har vore i gjennom konsesjonshandsaming etter vassressurslova fritak for byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikke er i strid arealdelen i med kommuneplanen eller gjeldande reguleringsplanar. I høve til plan- og bygningslova har tiltakshavar ansvar for å avklare arealplanstatus før arbeidet med tiltaket blir sett i gang.